



Kristin Moe

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/7240 - 15/397

Saksbehandlar:

Ørjan Raknes Forthun

orjan.raknes.forthun@lindas.kommune.no

Dato:

08.01.2015

## Delegering av mynde som kommunalsjef

Rådmannen delegerer med dette til Kristin Moe, født 07.11.69, mynde som kommunalsjef for tenesteområde oppvekst i Lindås kommune.

Ein viser til gjeldande administrativt delegeringsreglement.

Kommunalsjefen er delegert mynde på følgjande område:

1. Mynde til styring og leing av tenestene som ligg under det aktuelle tenesteområde. (jfr. gjeldande organisasjonskart). I tillegg ligg ein fast fullmakt til å fungere som stedfortredar for rådmannen til stillinga.

Delegasjonen omfattar og fullmakt til å delegere vidare fullmakt til drift av einingar, avdelingar og andre funksjonar innanfor sektoren, innanfor dei rammer som rådmannen har gitt (DR 2.1)

Delegasjon til styring og leing er spesifisert som

- mynde til å disponere sektoren sin økonomi (DR 2.2)
- signaturmynde (DR 2.3)
- informasjonsmynde (DR 2.4)
- arbeidsgjevar- og personalmynde (DR 2.5)

2. Mynde til å ta avgjerder etter særlover:

Gjeld mynde til å ta avgjerd i kurante saker innanfor avdelinga sitt arbeidsfelt (4.1), inkludert mynde til å delegere slik mynde vidare til einingsleiar/ avdelingsleiar / fagleiar / fagansvarleg.

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567  
Org.nr. 935 084 733  
56 37 50 00



Med helsing

Ørjan Raknes Forthun  
rådmann

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**  
Kristin Moe